

Referat frå årsmøtet i Bondeungdomslaget i Molde

Tid: Onsdag 30. november 2011
Stad: Reknes Ungdomshus.
Til stades: 12 medlemmer.

1. Formalitetar

Lars Staurset frå arbeidsutvalet (AU) opna møtet. Innkallinga vart godkjend. Møtet valde desse funksjonane:

Møteleiar: Lars Staurset
Referentar: Irene Møllersen Bell og Byrge Fitje
Protokollunderskrivarar: Sylvfest Bell og Randi Reppe Bell

2. Årsmeldingar

Kirsten Aure las årsmeldinga frå AU. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Årsmeldinga har og vore lagt ut på Bygdaliv.
Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

Sylvfest Bell las årsmeldinga frå hyttenemnda. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

Årsmøtet takkar hyttenemnda for eit solid arbeid.

3. Orientering om Reknes Ungdomshus

Byrge Fitje orienterte om Reknes ungdomshus og svara på spørsmål.
Årsmøtet takkar styret i Reknes ungdomshus.

Årsmøtet tok så pause og god mat vart servert. Det var samtale om framtida i laget , hytta og Reknes ungdomshus.

Etter matpausen:

4. Rekneskap for 2010

Arild Horrstad gjekk gjennom hovudtrekka i rekneskapen og svara på spørsmål.
Arild Jacobsen las revisormeldinga.
Rekneskapen vart godkjend utan merknader.

5. Budsjett

Budsjettforslaget frå AU var lagt ut, og Bente Myklebust presenterte forslaget.
På grunn av store påkostningar på hytta med ny taktekking m.v. vart budsjettet vedteke med eit underskot på kr 116.700. (inntekter kr 80.500, utgifter kr 197.800)

6. Val

Randi Reppe Bell la fram innstilling frå valnemnda.

Arbeidsutvalet (AU)

Leiar: Lars Staurset (attval 1 år)

Kirsten Aure (attval 1 år)

Bente Myklebust (attval 1 år)

Randi Sylta (ny 1 år)

Vara: Marte S Trondsen (1 år)

Valet var samrøystes. AU konstituerer seg sjølv.

Hyttenemnda

Arild Horrstad (attval 2 år)

Ingeborg Kleivset (attval 2 år)

Sylvfest Bell (ikkje på val)

Randi Reppe Bell (ikkje på val)

Vara: Åse Marie Longva (attval 1 år)

Valet var samrøystes. Nemnda konstituerer seg sjølv.

I tillegg er Svein Solbjørg utleigesjef.

Revisorar

Arild Jacobsen (vara: Frøydis Austigard) og Bente Dyrnes Aarø (vara: Atle Bell).

Desse vart valde.

Valnemnd

Randi Reppe Bell og Anne Karin Knutsen Heggem.

Desse vart valde.

7. Takk og ære

Ved møteslutt vart det delt ut blomster med tilhøyrande gode ord til rekneskapsførar Arild Horrstad, utleigesjef Svein Solbjørg, danserettleiar Irene M. Bell og Anne Lise Farstad som gjekk ut av AU.

Molde 7. desember 2011

Irene Møllersen Bell
(referent)

Byrge Fitje
(referent)

Sylvfest Bell

Randi Reppe Bell